

Nesten ikkje auke i hjorteløyver i Uskedalen

29.06.2011



Arvid Eide og To Ove Haugland slaktar hjort på Haugland

I heile Kvinnherad blir talet på fellingsløyver under hjortejakta til

hausten auka med 85 til 1598.

Men i Uskedalen blir auken svært litem

- frå 149 til 156. Det er status quo i 7 av dei 9 valda.

Forvaltningskomiteen handsama tildelinga i dag.

Som i fjor blir det tillatt felt 10 i Ytre Feet/Eik, 27 i Øvre Feet/Døssland, 8 på Skorpo, 9 på Ljosnes, 9 på Rød, 10 på Fjellandsbø og 28 på Haugland. Kvota blir auka frå 22 til 25 på Musland og frå 26 til 30 i valdet Kjærland/Myklebust/Ytre Rød.

Resultatet her i bygda sist høst var 117 felte dyr og ein fellingsprosent like oppunder 80. Det var ein tilbakegang frå året før som hadde ein prosent på vel 85. Men variasjonane har vore store mellom valda også på våre kantar i dei seinare åra. Til dømes var fellingsprosenten heilt nede i 55 i Øvre Feet/Døssland medan den var 92 på den andre sida av dalen og over 100 på Haugland.

I tråd med målsetjinga er det tildelt 1067 frie dyr og det er berre frie dyr i tildelingane for Musland, Haugland og Kjærland/Myklebust/Ytre Rød.

På Skorpo skal det fellast 3 kalv, 3 hunn og 2 hann og på Ljosnes 3 av kvar kategori.

Det same er tilfellet på Rød medan det skal fellast 4 kalv, 3 hunn og 3 hann på Fjellandsbø. I Øvre Feet/Døssland skal dei felle 8 kalv, 10 hunn og 9 hann.

Løyvet for Ytre Feet/Eik er 4 kalv, 3 hunn og 3 hann.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen